



FYLKESMANNEN I AUST-AGDER

Landbruksavdelingen

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 Oslo

Dykkar ref.
201001425-/GDH

Vår ref. (må givast opp ved svar)
Sak nr. 2010/5540 / KJS

Dato
01.03.2011

Høyringsvar frå Fylkesmannen i Telemark, Fylkesmannen i Aust-Agder og Fylkesmannen i Vest-Agder – forskrift om kvoteordninga for mjølk

Me støttar arbeidet med forenkling av kvoteordninga og er positive til hovudtrekka i høringsforslaget. Endringsforslaget for samdrifter med under 400 000 l kumjølkkvote ser me at kan ha ein del uheldige verknader.

Me viser til forslag til ny forskrift om kvoteordninga for mjølk sendt på høyring 18.11.2010. Fylkesmannen i Telemark, Fylkesmannen i Aust-Agder og Fylkesmannen i Vest-Agder ser positivt på forenklingsarbeidet som LMD har sett i gong med dette høyringsnotatet. Det er behov for meir smidige løysingar og større fleksibilitet i mjølkeproduksjonen, og forslaget er eit langt steg i rett retning.

Viktige grunnføresetnader

For vårt område er det viktig at fylka er eigne omsetningsregionar slik som i dag. Me støttar difor at dei geografiske avgrensingane er vidareført i forslaget. Me støttar også at me held på maksimalgrensene på 400 000 liter og 750 000 liter.

Eit overordna omsyn i revideringa av forskrifta må vera å prioritera dei som skal halda fram i næringa framfor dei som går ut. Difor meiner me at høvet til kvoteutleige bør vera tidsavgrensa, til dømes til ti år.

Same regelverk for enkeltpersonføretak og fellesføretak under 400 000 l kvote

Me er skeptiske til ein del sider ved forslaget om endringar i regelverket for samdriftene under maksimalgrensa for kvote for enkeltføretak. 400 000 liter kvote er hos oss ei høg grense, og fylka våre har få føretak over denne grensa.

Særleg ser me høvet til ferie og fritid som eit vesentleg moment for å oppretthalda ein del av dei vilkåra desse samdriftene har i dag. Me ser det som rimeleg at dei kan behalda avløysartilskotet og ha høve til å avløysa kvarandre utan å dokumentera kostnader til avløysar. Det er også svært negativt om medlemene i samdrifta mister avløysartilskot til eigne husdyr. Reduserte husdyrtilskot for dei som driv same husdyrproduksjon kvar for seg og til saman kjem over eit tilskotstrinn i dyretal er ei anna negativ side ved forslaget til endring.

Me ser at forslaget kan verka strukturdrivande fordi samdrifter som ligg under vil kjøpa seg opp til 400 000 l. Dersom samdriftsmedlemene ikkje kan driva grovfôrproduksjonen kvar for seg i egne føretak, kan avtalepartane kompensera tilskotstapet ved å fjerna eller redusera trinnet i arealtilskotet ved 250 dekar. Dette blir også strukturdrivande. På ei anna side kan ei slik endring i arealtilskotet til grovfôr vera ei forenkling og redusera problematikken rundt driftsfellesskap i tilskotskontrollen.

Leveransekravet ved oppattaking av mjølkeproduksjon

Fylkesmannen i Telemark og Fylkesmannen i Vest-Agder støttar forslaget til endring på dette punktet og ønskjer at kvotar som i dag har lagt sovande i under ti år kan leigast ut eller gå inn i samdrift utan leveransekrav. Dette kan vitalisera mjølkeproduksjonen i distrikta.

Fylkesmannen i Aust-Agder meiner at det ikkje bør vera mogeleg å «vekkja» kvotar som i dag er sovande utan to års leveranse frå føretaket. Noverande næringsutøvarar taper på dette endringsforslaget med mindre forholdstal og auka utgifter til kvotekjøp, medan dei som har gått ut av mjølkeproduksjonen vinn økonomisk ved kvotesal.

Likestilling mellom alle kjøparar av statlig kvote

Me støttar forslaget om å gå bort frå kjøp etter prosent av kvoten på eigedomen slik at kjøparar skal få kjøpa like mengde. Det nye forslaget gir betre høve til å ekspandera for små produsentar enn den noverande ordninga.

Lettare for nye produsentar å etablere seg

Me ser positivt på forslaget om å opna for at nye produsentar får kjøpa kvote på privatmarknaden.

Opning for sal av delar av kvoten

Me har ingen innvendingar mot dette forslaget.

Med helsing

Leif Løhaugen
landbruksdirektør
Fylkesmannen i Aust-Agder

Dag Petter Sødal
landbruksdirektør
Fylkesmannen i Vest-Agder

Helge Nymo
landbruksdirektør
Fylkesmannen i Telemark

Brevet er elektronisk godkjent og sendast utan underskrift.
Saksbehandlar: Kjellfrid Straume